

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **26.08.2019, kl. 12:00-15:30**  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Lisbeth Johnsen	Observatør

### Forfall

Ivar Eriksen, styremedlem  
Audun Nedrebø, observatør

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom  
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør  
Anya Therese Markhus, avdelingssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

## Sakliste

---

062/2019	Godkjenning av innkalling og dagsorden
063/2019	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2019
064/2019	Administrerande direktør si orientering
065/2019	Rapportering frå verksemda per juli 2019
066/2019	Møteplan og årsplan 2020 for styret i Helse Førde HF

Saker til orientering:

067/2019	Nye Førde sjukehus - kvartalsrapportering
068/2019	Bierverv i Helse Førde - status
069/2019	Eventuelt
	Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

I dagens styreseminar (forut styremøte) vart styret orientert om:

- IKT – utfordringar framover for Helse Vest og Helse Førde
- Prehospital plan - status

## **062/2019      Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Styremedlem Ivar Eriksen og observatør Audun Nedrebø hadde meldt forfall. Lisbeth Johnsen møtte som observatør.

Sak 065/2019 «Rapportering frå verksemda per juli 2019» vart handsama før sak 064/2019 «Adm. direktør si orientering».

Nytt skriv utdelt i møte: Reidar Sandal sitt lesarinnlegg «Thue skyt over mål»

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **063/2019      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2019**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 21.06.2019.

## **064/2019      Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia orienteringa med m.a. å fortelje om oppstart den 19. august for seks lærlingar i helsefagarbeid.

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Fagdirektør Vingsnes orienterte om tilsyn av fylkesmannen i Vestland om utlokaliserte pasientar (referanse 2019/187).

Rapport frå Sintef ang. arbeidsmiljø i kjellaren FSS, jf. punkt 6.

### **2. Oversikt aktuelle høyringar**

### **3. Saker til oppfølging etter styremøte**

### **4. Hending knytt til ekstremver i Jølster**

Adm. direktør Varden orienterte om organisering av tenestene som følgje av jordskred i Jølster, Førde og Gloppen 30. juli

- Mange ras samstundes – bilar innesperra – fare for hus og bygningar
- Gul beredskap etablert straks – beredskapsleiing innkalla
- To (tre) ambulansar innesperra i raset – vart ein del av helseressursinnsatsen saman med lokal lege
- Sikre sjukehusenester: Helse Møre og Romsdal og Helse Bergen vart nytta
- Forsterka ambulanseberedskap
- Utfordring for luftambulans og redningshelikopter første kvelden/natta
- Sikre tilgang personellressursar ved Førde sentralsjukehus
- Samarbeid med kommunane og i fylkesberedskapsrådet
- Nødnett fungerte – mobilnett var nede
- Omfattande rapportering

Oppsummering av hendinga viser at føretaket leverte gode tenester.

### **5. Solskjerming - status**

Direktør Midtbø orienterte om status for solskjerming ved Førde sentralsjukehus.

### **6. Rapport Sintef – kjellar FSS status**

Direktør Midtbø orienterte om inneklima i Barnehabilitering ved Førde sentralsjukehus.

Ny frist for tilbakemelding til Arbeidstilsynet er 16. september.

Rapporten frå SINTEF vert gjennomgått. Tiltak på kort og lang sikt vert vurdert saman med Bedriftshelsetenesta, tilsette og Nye Førde sjukehus.

### **7. Fødselsomsorg – følgjeteneste i Helse Førde**

Direktør Guldhav orienterte om fødselsomsorg og følgjeteneste i Helse Førde.

Tal transportfødslar auka ikkje etter endra fødetilbod i Lærdal og Eid. Tal naudfødslar har vore lågt. Andel transportfødslar der jordmor er til stades, har auka. Kvaliteten på transportfødslane auka.

Utfordringar framover er rekruttering når jordmødre går av med pensjon. Alle føretak og kommunar har utfordringar knytt til rekruttering og jordmødre.

## 8. Samhandlingssjef

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om at Tone Holvik er tilsett som samhandlingssjef. Ho har vore konstituert sidan 1. september 2018. Ho held fram som stadleg leiar ved Nordfjord sjukehus.

## Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

## 065/2019 Rapportering frå verksemda per juli 2019

### Oppsummering:

*Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.*

*Aktivitet, økonomi og HMS:*

- *Innan psykisk helsevern (PHV) var aktiviteten i juli omlag på budsjett. Innan somatikk var aktiviteten noko lågare enn budsjett målt i DRG-poeng, men justerer ein for H-resept var aktiviteten omlag på budsjett. Medisinsk klinikk hadde høgare aktivitet enn budsjett, medan kirurgisk hadde lågare.*
- *Resultatet i juli viser eit samla underskot på 4,2 millionar kroner, som er 7,2 millionar lågare enn budsjett.*
- *Juli er ein feriemånad på lik linje med juni og første del av august, og dei må difor sjåast i samanheng.*
- *Den største utfordringa i forhold til personalkostnader er innan Medisinsk klinikk.*

*Fag og kvalitet:*

- *Adm. direktør ser at vi må halde fram med målretta arbeid på område der utviklinga ikkje er god nok.*
- *Fristbrot og auke i ventetid for poliklinisk utgreiing og behandling innan nokre fagområde. For desse områda klarer Helse Førde per no ikkje å nå målsetjinga pga for låg kapasitet i høve mengd tilvisingar.*
- *For øvrige fagområde har også ventetida auka noko pga redusert kapasitet gjennom ferieavviklinga, men her er vi likevel innanfor målsetjingane.*
- *Tiltak i sengepostane knytt til trygg pleie viser no ei negativ utvikling i juni og juli samanlikna med tidlegare. Noko av årsaka skuldsat vanskar med rapportering i samband med overgang til Dips arena. Vi arbeider vidare i tråd med handlingsplanen og ventar betring.*

*Styret etterspør ein gjennomgang av tiltaksliste på fag og økonomi til neste styremøte i september.*

*Fagdirektør Vingsnes orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik*

- Akuttmottak – tid i minutt til triage ved mistenkt infeksjon
- Trygg pleie-tiltaka på sengepostar
- Beleggsrapport, viser lågare tall i juli
- Korridorpatientar, er stabilt lågt med 8 korridorpatientar
- Liggedøgn utskrivingsklare pasientar viser 15 døgn, som er stabilt
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden viser 52
- Utvikling nye fristbrot kvar månad, viser 76 i juli, tilsvarande 3,8% av dei med frist i perioden
- Trygg kirurgi, viser stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100%
- Synergi – melde saker fordelt på sakstypar (januar til juni) viser at det var innmeldt total 1445 saker t.o.m. juni, som er 111 fleire saker samanlikna med same periode i 2018.
- Synergi – pasientskader med og utan konsekvens (januar til juni) viser at det er innmeldt 15& fleire saker i 2019 samanlikna med same periode i 2018.
- Synergi – pasientrelaterte saker fordel på type, viser noko høgare tall på fall og uhell samanlikna med fjoråret.

*Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Resultatet i perioden er eit underskot på 4,2 millionar kroner, som er 7,2 millionar lågare enn budsjett. Inntektene er 1,5 millionar over budsjett. Kostnadene er 9,4 millionar høgare enn budsjett. Personalkostnader og innleige viser eit meirforbruk på 8,1 millionar kroner.

Sjukefråværet i juni var 6,9%, som viser auke på 1,3% samanlikna med same månad i førre år.

Brutto månadsverk i juli var 2500 (63 fleire enn for same periode i 2018) og netto månadsverk var 2102 (51 fleire månadsverk enn for same periode i 2018).

Resultat for klinikkane denne periode viser:

- Kirurgisk klinikk har eit underskot på 4,7 millionar i høve budsjett
- Medisinsk klinikk har eit underskot på 6,2 millionar i høve budsjett
- Psykisk helsevern har eit underskot 4,5 millionar i høve budsjett
- Stabsområde har eit positivt avvik mot budsjett på 4,2 millionar

Risikoområde framover er personalkostnader og H-resept.

*Direktør Hesjedal orienterte kort om oppfølging av sjukefråvær i Nevrologisk avdeling.*

*Økonomidirektør Helleseeth orienterte om status for budsjett 2020:*

Utkast til førebels ramme for 2020 er klare, og blei gjennomgått i føretaksleiinga 20. august.

Basisramma auka truleg med 14,8 millionar. Dette tilsvarar 0,8%. Resultatkravet frå Helse Vest RHF er 36 millionar kroner.

*Styret takka for god og grundig orientering.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per juli 2019 til vitende.

# 066/2019 Møteplan og årsplan 2020 for styret i Helse Førde HF

## Oppsummering:

Framlegg til møteplan legg opp til 8 styremøter og 2 styreseminar i Helse Førde HF i 2020.

Årsplanen viser oversikt om:

- Møtedato og møtestad
- Faste styresaker, andre styresaker og tema
- Rapporteringsaker til Helse Vest
- Omvising/orientering ved institusjonane m.m.
- Styreseminar med Helse Vest RHF
- Samhandlingskonferansen og Kvalitetskonferansen i Helse Førde
- Dialogmøte med KS/ordførarar i del av Vestland fylke (tidl. Sogn og Fjordane)
- Fellesmøte mellom styret og Brukarutvalet

*Styreleiar Landstad orienterte om at føretaket legg opp til 8 styremøter neste år, og dette er på linje med dei andre føretaka i Helse Vest.*

## Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2020:

Møteplan 1. halvår	
Møtedato	Møtestad
Fredag 24. januar	Førde, FSS/Bygg Aust
Måndag 23. mars	Førde, FSS/Bygg Aust
Onsdag 27. og torsdag 28. mai	Førde, FSS/Bygg Aust
Måndag 22. juni	Lærdal/LSH
Møteplan 2. halvår	
Onsdag 2. september	Nordfjordeid, NPS/NSH <i>Fellesmøte/synfaring RHF - HFD</i>
Måndag 26. oktober	Sogndal/ISP
Torsdag 26. og fredag 27. november	Førde, FSS/Bygg Aust
Fredag 18. desember	Førde, FSS/Bygg aust

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2020.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2020, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

## Saker til orientering:

### **067/2019      Nye Førde sjukehus - kvartalsrapportering**

#### **Oppsummering:**

Delprosjekt for Psykisk helsevern er på plan innan framdrift, økonomi og kvalitet. Prosjektstaben i Nye Førde sjukehus er styrka med to nye medarbeidarar, og er førebudd til å møte den auka aktiviteten som vil komme i prosjektet.

Tilbodsinnhenting for nybygg somatikk (Livabygget) og dei etterfølgjande delprosjekta, er i samsvar med framdriftsplan med tilbodsfrist 16. september. Vurderingar i tilboda vil kunne påverke prosessen framover saman med kvalitetssikringa av forprosjektet som vil gå føre seg utetter hausten. Økonomien i prosjektet Nye Førde sjukehus er i samsvar med budsjett som er etablert. Det er ikkje grunnlag for å endre prognosar.

*Prosjektdirektør Solhaug orienterte om Nye Førde sjukehus, med siste nytt og aktuelle saker i prosjektet som omhandlar:*

- *Delprosjekt Dagabygget (nybygg phv)*
- *Prosess for anskaffelse Livabygget (nybygg somatikk)*
- *Endringar i forhold til vedteke forprosjekt, milepålar for vurdering og vedtak av endringar*

*Hovudframdriftsplan vart presenterte.*

*Styret takka for god orientering. Styret ba om at ein også rapporterer på ou-prosessane i tilknytning til Nye Førde sjukehus.*

*Adm. direktør Varden sa at det vert jobba kontinuerleg med ou-prosessane i arbeidet med Nye Førde sjukehus.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering for Nye Førde sjukehus til vitende.

### **068/2019      Bierverv i Helse Førde - status**

#### **Oppsummering:**

Hausten 2018 satte styret i Helse Førde bierverv som tema på dagsorden, og bad administrasjonen sikre at det vart gjort nok for å få registrert rett tal bierverv i systemet.

Rapportar viser auke i tal registrerte bierverv i 2019 samanlikna med 2018. Per i dag er det samla meldt 104 bierverv, mot 73 ved sist teljing. Det gir ein auke på 42%. Det er 78 medarbeidarar som har registrert bierverv mot 62 medarbeidarar ved sist teljing.

Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningsliner for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2 leiar, samt arbeide med å få korrekt registrering av bierverv. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareført. Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Førde frå riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (januar 2017).

*HR-direktør Skjelten orienterte om status for bierverv i Helse Førde.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

**069/2019      Eventuelt**

Styremedlem Sandal orienterte om svar i lesarinnlegg til Johs B. Thue om ambulansetenesta.

**Skriv og meldingar**

**Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:**

- Referat frå møte i Brukarutvalet 20.05.2019

**Følgjande skriv og melding vart lagt på bordet i møte:**

- Reidar Sandal sitt lesarinnlegg «Thue skyt over mål»



Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar

---

Aud Ingrid Espeland

---

Reidar Sandal

---

Ole Gunnar Krakhellen

---

Tor Vidar Myklebust

---

Ivar Eriksen  
(sett)

---

Arthur Norevik

---

Randi Aven

---

Ole-Magnus Kapstad

---

Lena Thorsnes